

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	10.04.2025
Vår referanse	2025/28397-5
Dykkar referanse	5b258982-48b8-41fc-a296-
Sakshandsamar	d293bc8b198f
E-post	Siri.Hanson
Telefon	Siri.Hanson@vlfk.no

Offentleg høyring - Detaljplan for miljø og landskap og søknad om anleggskonsesjon - Øksnelvane kraftverk - Bremanger kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.

Vestland fylkeskommune og Bergens sjøfartsmuseum viste til varslingsplikta, jfr lov om kulturminner § 8,2 i samband med oppstartsvarslet. Det vart ikkje stilt vilkår om § 9 registreringar i samband med oppjustering/utviding av Øksnelvane kraftverk.

Vi føreset at dei planlagde tiltaka vert tilpassa så godt som mogeleg i terrenget slik at landskapsinngrepa vert så små som mogeleg. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Ut over dette har vi ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til detaljplan for miljø og landskap.

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Vassforskrifta § 4 (overflatevatn) og § 6 (grunnvatn) tillèt ikkje at nye tiltak gjer tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller sett miljømåla i risiko, med mindre det er grunnlag for unnatak etter § 12. Dei aktuelle vassførekomstane i dette høvet er Hundvikfjorden (0282011500-C) og Ålfoten (0282011600-C) med høvesvis svært god og god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.

Kva saka gjeld

NVE mottok detaljplan for miljø og landskap og søknad om anleggskonsesjon for nye Øksneselvane 11.01.2025 og har sendt planen på høyring fordi den inneheld arealinngrep som ikkje vart vurdert i konsesjonsprosessen.

Detaljplan

Nye Øksnelvane kraftverk er planlagt bygd i Ålfoten, parallelt med det gamle Øksnelvane kraftverk. Det nye kraftverket vil ha inntak i det same magasinet som det gamle kraftverket (Øksendalsvatn), og med vannveg og kraftstasjon i fjell. Det vert mykje overskotsmassar frå boring av vannveg og stasjonshall. Firdakraft AS har i detaljplanen beskrive korleis dei planlegg å handtere massane, i tillegg til anna midlertidig og permanent arealbruk for bygginga av kraftverket. Vi vil presisere at dei planlagde sjødeponia vert behandla av Statsforvaltaren etter ureiningslova.

Anleggskonsesjon

SFE Produksjon AS søker om å knyte kraftverket til nettet med ein 132 kV jordkabel som skal leggst i eksisterande nedgravne trekkerør frå Lunden transformatorstasjon, langs privat veg til portalområdet

til kraftverket. Vidare skal 132 kV kabelen leggest i kulvert i fjellet, saman med ein 22 kV kabel fram til kraftstasjonen. 132 kV kabelen er totalt 800 meter. SFE produksjon søker òg om elektriske anlegg som skal plasserast inne i kraftstasjonen. Anlegget skal eigast av Firdakraft AS og driftast av SFE Produksjon AS.

Detaljplanen med vedlegg og søknad om anleggskonsesjon er tilgjengeleg på NVE si nettside www.nve.no/9060/V, under «Bygging og drift»

Vurdering

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vestland fylkeskommune er difor generelt positiv til tiltak som bidreg til produksjon av meir fornybar energi. Dette vil også bidra til reduserte klimagassutslepp. Produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder må likevel ta omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune og Bergens sjøfartsmuseum viste til varslingsplikta, jfr lov om kulturminner § 8,2 i samband med oppstartsvarslet. Det vart ikkje stilt vilkår om § 9 registreringar i samband med oppjustering/utviding av Øksenelvane kraftverk.

Vi føreset at dei planlagde tiltaka vert tilpassa så godt som mogeleg i terrenget slik at landskapsinngrepa vert så små som mogeleg.. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Ut over dette har vi ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til detaljplan for miljø og landskap.

Biologisk mangfald

Tiltaket fører til utfylling i sjø som vil ha noe negativ konsekvens for marint biologisk mangfald. I valg av alternativ og i utbygginga bør ein så langt som råd unngå å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald.

Vassmiljø

Vi viser til detaljplan for miljø og landskap med konsekvensutgreiing knytt til søknad om anleggskonsesjon for Øksenelvane kraftverk i Bremanger kommune. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta.

Vassforskrifta § 4 (overflatevatn) og § 6 (grunnvatn) tillét ikkje at nye tiltak gjer tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller sett miljømåla i risiko, med mindre det er grunnlag for unnatak etter § 12. Dei aktuelle vassførekomstane i dette høvet er Hundvikfjorden (0282011500-C) og Ålfoten (0282011600-C) med høvesvis svært god og god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.

Konsekvensutgreiinga utført av Norconsult viser at ingen av dei førespegla alternativa for deponi i sjø vil føre til ei varig forringing av miljøtilstand som trugar miljømåla i seg sjølv. Her er det viktig at dei avbøtande tiltaka som vert skildra med påfølgjande overvaking og vedlikehald vert følgt opp på ein god måte.

Konsekvensutgreiinga peikar sjølv på utfordringa med å tillate fleire slike tiltak då det bidrar til ei bit-for-bit fragmentering av økologiske funksjonsområde og naturtypar. Dersom ein på sikt gjennomfører mange mindre tiltak vil dette føre til ein stor samla belastning, og potensielt føre til ei varig forringing av miljøtilstand. Dette illustrerer viktigheita av å sjå på fjordsystem og viktige kystområde som ein heilheit, og alltid sjå på den samla verknaden av gjennomførte og planlagde tiltak.

Vi har ingen vidare avgjerande merknader til detaljplanen, og som NVE skriv i sitt brev vil Statsforvaltaren i Vestland som sektormynde behandle dei planlagde sjødeponia etter ureiningslova.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
leiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Siri Hanson
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BREMANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Postboks 104 6721 SVELGEN
Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER